

Pressemelding, 17. juli 2015

Hovudopptaket til høgare utdanning 2015

Samordna opptak (SO) sender i hovudopptaket ut 88 984 tilbod om studieplass. Dette er 4 174 fleire tilbod enn i 2014, ein auke på 4,9 %.

I 2014 var det 68 % av søkjarane som svarte ja til tilbodet, og 58 % som til slutt vart registrert som møtt. Det er i år planlagt 53 750 studieplassar, 871 fleire enn i 2014.

Av 127 144 søkjarar, er 106 180 kvalifisert for minst eitt studium (+7,4 % frå 2014). Av dei kvalifiserte søkjarane har 83,8 % fått tilbod om studieplass. Til samanlikning var prosentandelen i 2014 85,8 %.

Blant dei som får tilbod om studieplass, får 55 034 (61,8 %) tilbod på sitt høgaste prioriterte studieønske. Dette er en liten nedgang frå 2014, kor tilsvarande tal var 53 798 (63,4 %).

– Nesten 89 000 søkjarar har fått tilbod om studieplass i hovudopptaket. Vi er fornøgd med å kunne sende ut tilbod til så mange av dei som har søkt høgare utdanning gjennom Samordna opptak, seier Geir Sverre Andersen, avdelingsleder i Felles studieadministrativt tenestesenter.

Ved årets hovudopptak blir 35 656 av tilboda gjeve til menn, mens 53 328 tilbod blir gjeve til kvinner. Dette gjev ein kvinnedel på 59,9 %, ein marginal nedgang frå 2014.

Størst auke for lærarutdanningane

I år er det størst auke i talet på tilbod gjeve i utdanningsområdet lærar, med 543 fleire tilbod enn i 2014. Innanfor pedagogiske fag er det gitt 287 fleire tilbod enn i fjor. Andre studium med stor auke er vernepleiar, historie og realfagsstudie.

Svar på tilbod i hovudopptaket

Søkjarar som har fått tilbod om studieplass eller ventelisteplass, har frist til 26. juli med å svare på www.samordnaopptak.no. Viss ein ikkje svarar innan fristen, misser søkjaren studieplassen.

Ledige studieplassar

Oversikt over studium med ledige plassar blir lagt ut på våre nettsider laurdag 19.juli klokka 09:00. Da kan alle sjå kva for studium som har ledige plassar, og eventuelt starte å registrere seg med personalia. Studia kan søkjast på frå 20. juli kl. 09:00. Alle kvalifiserte søkjarar kan søkje på ledige studieplassar, uavhengig av om dei har søkt tidligare i år.

Kontaktinformasjon

Meir informasjon om søking til høgare utdanning får du ved å kontakte lærestadene eller Samordna opptak. Sjå kontaktinformasjon på <http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/>

Statistikk som viser søking, talet på tilbod, poenggrenser m.m. for hovudopptaket 2015 blir lagt ut på <http://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2015/index.html> klokken 12.00 fredag 17. juli.